



Vest Rørservice AS
Kvernhusvegen 5
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2943 - 22/41433

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
31.05.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 430/18 Vågenes indre

Tiltak: Septik og grøft til sjøledning
Byggjestad: Gbnr: 430/18
Tiltakshavar: Øyvind Bjørge
Ansvarleg søkjar: Vest Rørservice AS

Kommunen syner til søknad om løyve til nedsetting av septiktank og legging av utsleppsleidning til sjø motteke 16.05.2022. Søknaden har manglar og kan ikkje handsamast før vi har motteke supplerande dokumentasjon.

- Målsett situasjonskart som syner:
 - Faktisk utsleppspunkt i sjø
 - Eigedomsgrenser med gards- og bruks-nummer
 - Tiltakets plassering
- Nabovarsling til eigar av gbnr 430/22, 430/20 og 430/6

Vi ber dykk også vurdere ei anna trase for utsleppsleidninga. Bilete frå Nordhordlands kart syner at store delar av strekninga i sjø er tørr ved full fjære (sjå bilete nedanfor). Dette er ikkje ei løysing kommunen kan godkjenne. Dette vart ikkje fanga opp under handsaminga av utsleppsløyve i sak 22/2945. Når endeleg trasevalg er foretatt vil ta ei vurdering av om det er naudsynt med nytt utsleppsløyve.

Frist for å sende inn tilleggsinformasjonen

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.09.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sissel Helland Bjørge, Vest Rørservice AS, VASSVIKVEGEN 55 5215 LYSEKLOSTER

Øyvind Bjørgo
Vest Rørservice AS
Øyvind Bjørgo

Kvernhusvegen 5
VASSVIKVEGEN 55

5936 MANGER
5215 LYSEKLOSTER